

Jotunheimen nasjonalpark – utvida vern, Vågå kommune – Referat frå møte den 19. november 2025 med hytteeigarar ved Nedre Leirungen i Vågå – informasjon om verneprosess

Bakgrunnen for møtet går fram av møteinvitasjon ved brev datert 27.10.2025.

Møtet vart halde den 19. november 2025 kl. 18.00 på Vågå kommunehus. Det var i tillegg to møtedeltakarar på Teams.

Følgjande møtte frå hytteeigarane:

Randi Helene Kvarberg, hytteeigar Leirungsvegen 43 (Teams)

Gunnar Sandbu

Reidar Berg

Ruth Berg

Ketil Sandviken

Solveig Morken

Kjetil Morken

Asbjørn Kvarberg

Wenche Kveom

Johan Hølmo

(det var nokre som møtte som ikkje skreiv seg på lista)

Andre:

Knut Øyjordet, Vågå Fjellstyre

Harald Sve Bjørndal, ordfører i Vågå

Leila Nersveen, Vågå kommune

Harald Klæbo, Statsforvalteren i Innlandet

Eldrid Nedrelo, nasjonalparkforvaltar Jotunheimen (referat)

Harald Klæbo, Statsforvaltaren i Innlandet gav fyrst ei orientering om bakgrunnen for verneprosessen med utviding av Jotunheimen nasjonalpark. Det er ein prosess som har gått ei stund, og dei som har buer og hytter har dessverre fått litt mangelfull informasjon. Statsforvaltaren beklagar dette så mykje, og vil rette det opp i det.

Det vil komme ett formelt brev om oppstartmelding av utvida vern for Jotunheimen nasjonalpark denne veka, med 4 vekers høyringsfrist, tilsvarande det andre som er berørt av denne prosessen har fått tilsendt tidlegare.

Det vart gjort merksam på at i denne prosessen er ein avhengig av aksept frå kommunane for å kunne gå vidare med verneprosessen. Statsforvaltaren skal greie ut moglegheitene for utvida vern, og det skal vere frivillig.

Opphavleg var gjeckt tilbodet om oppstart av ein slik verneprosess til åtte kommunar, fire av kommunane er no med vidare, bl.a. Vågå. Vågå kommune sa ja til å greie ut vidare areala på vestsida i Sjodalen. Også Øystre Slidre har sagt ja til å gå vidare.

Det blei meldt om oppstart i vår, men Statsforvaltaren gjorde en feil ved å ikkje sende meldinga til private hytter og tomtefeste. Ein ønskjer no å rette opp i dette, og det er god tid til formidling av informasjon og høyring.

Det er eit areal på over 324 km² som blir greidd ut, og eit såpass stort areal løyser ut krav om konsekvensutredning (KU). Sjølv om kommunane har sagt ja til å vere med, kan kommunestyret når som helst ta saka til ny vurdering.

Det er laga fagrapportar på 8 ulike deltema.

Det vil bli engasjert ekstern utredarar på dei to mest krevjande temaområda å vurdere konsekvensar av eit vern for; det er reiseliv/friluftsliv og landbruk.

I Vågå har det til no vore tre arbeidsgruppemøte og ei synfaring. Det er to arbeidsgrupper i Vågå:

- Gruppe 1: Repr for enkeltaktørar som blir direkte berørt av eit vern (beitebrukarane, setereigarane, reiselivsbedriftar).
- Gruppe 2: Repr. for lag og organisasjonar, bondelag, småbrukarlag, reiseliv, Naturvernforbundet og Birdlife mv.

Det vart stilt spørsmål ved om det skal det vere med ein representant for hytteeigarane. Etter tilråding frå kommunen vart det etablert arbeidsgrupper med dei store og mest berørte interessene. Det er likevel lagt opp eit løp slik at alle skal få fremja sine interesser, og det vart gjort merksam på at setereigarane er invitert til eit møte onsdag komande veke, dette møtet er i kommunal regi. Det er veldig fint om hytteiegarane har moglegheit til å delta der, det er bra om fleire blir involvert i arbeidet. Statsforvaltaren foreslår at det blir oppnemnt ein representant for hytteeigarane i arbeidsgruppe 1. Vi vil foretrekke at dette skjer av hytteeigarar ved Nedre Leirungen da dei truleg vil bli mest berørt av eit evt vern.

Det vart elles gjort merksam på at det kan vere at det ikkje blir slept sau på beite i Leirungsdalen neste år, og dette har ikkje noko med beitekvalitet år gjera. Det har vore store utfordringar med laushund i området, særleg rundt Knutshøe. Har ikkje noko med

beitekvalitet å gjera. Stor ferdsel i området medfører også utfordring for beitebrukarane. Det vart presisert at det store og verdifulle artsmangfaldet i området er begunstiga av beite som har føregått i området til no.

Vidare gjekk grensa som er føreslått for utredning av vern gjennomgått. Statsforvaltaren peikte på dei store verneverdiane i heile området. Dvs. at området kvalifiserer til nasjonalpark. Spørsmålet framover vil bli om ein skal arrondere meir finmaska, dersom det t.d. naturinngrep og der det kan vere høgt konfliktnivå.

Motivet for prosessen med utvida vern er ønskje om å bevare verdiane slik området er i dag, for å unngå nedbygging og tekniske inngrep, og samtidig kunne halde fram dagens bruk med beite, jakt og fiske.

Det vart engasjert eit firma som har gjennomført kartlegging i 2023. Kartleggingsarbeidet er eit nokså grundig arbeid, særleg i utvalde område, som ved Nedre Leirungen. Her føreligg eit meir finmaska kart der ulike naturtypar er dokumentert, og der det m.a. er registrert raudlista artar som blir begunstiga av beiting. Dette er veldig interessant å ha med i eit vern, og verdien viser seg å være høg særleg rundt buone i området. Mykje av dette er pga. beitebetinga artar.

Det er også registrert ein del sjeldne fuglearter, m.a. i dei små tjerna, som bergand, raudstilk osv. Dette gjer at det er eit veldig interessant område med tanke på vern.

Vidare har kulturminnemyndigheita v/fylkeskommunen i Innlandet gått gjennom alle kulturminna som er i området og utarbeidd ein eigen rapport om dette. Det er registrert fleire både eldre og nyare kulturminne (som SEFRÅK bygg ved Gjendeosen, bua til Jo Gjende m.m.)

Også andre bygningar som er bygd før 1850 er dokumentert, desse er merka med raude trekantar i karta. For slike bygg skal kommunen alltid høyre antikvariske myndigheiter før byggetiltak blir sett i verk. Slike kulturminne er også interessant å ha med i ein nasjonalpark.

Konsekvensar av eit vern

Statsforvaltaren ønskjer å grense ut bygningar, vegar og andre tekniske inngrep i størst mogleg grad, slik at dei blir liggande utanfor eit ev. framtidig verneområde, men det går ikkje alle stader. Med tanke på grensedragning av parken må vi tåle å ha nokre bygningar innanfor grensa, dersom ein her får verneverdiar innafor vernet. Statsforvaltaren tenkjer førebels å føreslå areala rundt buone ved Nedre Leirungen inn i parken. Det er lettare å grense ut private hytter frå fylkesvegen og ned til Sjoa, og tilsvarande ved Gjendeosen. Slamlaguna, hyttene til Vågå kommune og det tekniske anlegget til Gjendebåten ønskjer ein utanfor eit ev. framtidig verneområde.

Eigar av Leirungsvegen 43 påpeikte kvar hytta er, på andre sida av Leirungsbekken og ned til høgde.

Statsforvaltaren viste vidare til at utgangspunktet er at dagens bruk skal kunne fortsette, det vil ikkje bli noko avgrensing på beitebruk, men eit framtidig vern vil kunne legge begrensingar på ny byggetiltak. Byggetiltak blir strengare vurdert i ein nasjonalpark enn det blir etter plan- og bygningslova.

Dagens nasjonalparkforskrift opnar for å kunne gje løyve til ombygging og mindre utviding av bygningar. Med mindre utviding meiner ein då primært tiltak som t.d. betra funksjonalitet, som kjøkkenfasilitetar, bod og utedo. Forvaltningsplanen som no er under revisjon vil gje nærare retningslinjer. Vedlikehald av hytter og buer vil utan vidare kunne skje, samt andre tekniske innretningar som gjerde osv. Kravet er at storleik/utsjåande ikkje blir endra.

Det vart stilt spørsmål om den eksisterande vegen?

Statsforvaltaren vil tilrå at bruken av vegen kan halde fram som i dag og tilsvarande i samband med utøving av garnfiske i Øvre Leirungen. Det vil også bli tilrådd at vegen kan haldast vedlike etter dagens standard, dvs på vernetidspunktet..

Det vart stilt spørsmål ved kva som er dagens standard. Med det tenkjer ein at vegen må kunne grusast opp ein gong i mellom og det inneber også at ein kan halde grøfter vedlike. Forvaltningsplanen vil også utdjupe kva som er meint med «dagens standard».

Det blir føreslått at ein kan bruke båt med motor på inntil 6 hk i verneforskrifta.

Eigar av Leirungsvegen 43 gjorde merksam på at det er behov for opprusting av hytta. Vedlikehald av bygningar som t.d. skifte av kledning vil vere tillate.

Opplag av båtar vil vere tillate i samsvar med forvaltningsplan.

Det vart stilt spørsmål ved om ein kan køyre med traktor på vegen, og opp til hytta?

Bruk av traktor utanom vegen vil måtte søkast om til nasjonalparkstyret, ein vil høgst sannsynleg få dispensasjon til det.

Det vart vist til andre eksempel frå dagens forvaltning av verneområde der det har vore vist ein viss skepsis til å få inn framande planter t.d. ved legging av torv på tak på bygningar. I område der det har vore tradisjon for å ta ut torv lokalt til bruk på bygningar, ser ein helst at det blir brukt stadeigen torv. Det vil likevel bli vurdert i det einskilde tilfellet kva som vil vera beste løysing.

Ved eit framtidig vern ser kommunen moglegheit til å oppdatere verneforskrifta med tanke på bruk av meir moderne kommunikasjonsmiddel, bruk av teknologi er ønskjeleg å tilpasse inn i verneforskrifta. Det er også ønskje om å ha installasjonar innanfor ein nasjonalpark for å legge til rette for lokal aktivitet.

Det vart stilt spørsmål ved kva moglegheiter det vil bli for framføring av straum og for etablering av solcelleanlegg.

Framføring av straum vil kunne medføre nye tekniske installasjonar og i utgangspunktet

er ikkje dette ønskeleg innanfor eit verneområde. Statsforvaltaren/nasjonalparkforvaltar meiner prinsipielt at straum via jordkabel vil skille seg frå luftspenn i høve til graden av naturinngrep. Vi vil svare ut dette betre i den kommande prosessen. Dette er likevel noko som må vurderast i det konkrete tilfellet, og nasjonalparkforvaltinga har etablert praksis på å sende slike saker til uttale hjå kulturminnemyndigheita i saker som gjeld verdifulle kulturmiljø innanfor verneområda.

Det er bygningar i verneområda som har etablert solcelleanlegg allereie, og nasjonalparkstyret har behandla dispensasjonssaker på større turisthytter i nasjonalparken og landskapsvernområdet.

Kommunen meiner forskrifta bør tilpassast slik at nasjonalparkforvaltninga kan gje dispensasjon til bruk av drone for t.d. næringsutøvarar i landbruket og for uttesting i samband med skadefelling av rovdyr.

Det vart orientert om at det er meldt oppstart av revisjon av forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Denne planen vil bli sendt på ei brei høyring når ein kjem så langt i arbeidet, og det vil også bli halde møte i samband med høyringa. Ein ønskjer å legge til rette for at alle som ønskjer skal få uttale seg til planarbeidet.

Ein diskuterte vidare utfordringar eit vern med status som nasjonalpark kan medføre. Når grensa blir flytta nærmare større vegar, blir desse områda lettare tilgjenge for besøkande. Sosiale medium og marknadsføring rår vi ikkje over, og allemannsretten gjeld. I samband med dette temaet vart det m.a. peikt på at det ikkje er nokon merka DNT-stiar i det aktuelle området, og at dette er noko ein må ta med i arbeidet med forvaltningsplanen.

Tilsvarende Knutshøe er turen til Gjendehøe vorte meir populær, toppen ligg i nasjonalparken i dag. Det er også registrert sykling på Gjendehøe.

Forvaltinga manglar gode verktøy for å styre ferdsla i enkelte område, men god informasjon er svært viktig og vil måtte bli eit høgt prioritert arbeid med auka ferdsel i verneområda.

Dersom Vågå kommune skal sei ja til å vere med vidare i prosessen må ein få igjen noko for det, t.d. ein informasjonsmedarbeidar som kan bidra til informasjon når det gjeld utfordringar som laus hund osv.

Det vart peikt på at søppel også er ei utfordring i området, folk sett igjen ting ved sida av søppelkontainerane.

Det er manglande toalettfasilitetar ved stopp-punkt langs Valdresflyvegen. Nasjonale Turistvegar er atterhaldne med drift av toalett langs fv 51.

Ein var også inne på at Øystre Slidre, Vågå kommune og Nasjonale Turistvegar har sett på utfordringa med parkering langs vegen. Dei som driv med brøyting seier det er ein fordel om ein kan parkere langs vegen. Det blir arbeidd vidare med desse utfordringane. Statsforvaltaren og kommunen ser ikkje nokon grunn til å ha nasjonalparkgrensa så nær vegen at vegen at det skapar hindringar for drift av vegen. Det vil bli lagt inn ein buffer for vegen må kunne driftast.

Ved eit vern blir det ingen reversering av eksisterande innretningar knytt til hyttene. Drift og vedlikehald av gjerde er ok, og ved oppføring av nye må ein ev. søkje om dispensasjon til slik oppføring jf verneforskrifta § 3, pkt 1.3 f). Statsforvaltarens intensjon er at dagens bruk skal kunne fortsette. Det er dette som har gjort at ein har vernekvalitetar i områda i dag.

Når det gjeld løypekøyting på Valdresflye og hundekøyringsløype, samt køyrespor ved Russvatnet, vil Statsforvaltaren føreslå at dagens bruk kan halde fram, da dette ikkje er i konflikt med verneverdiar knytt til våtmark og fugleliv. Kan ev. legge opp til fleirårig løyve.

Det vart stilt spørsmål ved om skiløypa langs Valdresflyvegen kan køyrast opp også lenger ned, slik det blir av og til. Det vil bli føreslått at dei skiløypene som er køyrt opp til no også skal kunne køyrast opp ved eit framtidig vern.

Når det gjeld skutertransport til innkøyting av ved vinterstid er det aktuelt å gi fleirårige løyve til leigekøyrar. Dette er det tatt høgde for også i dagens verneforskrift:

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*Bruk av beltekøyrety på vinterføre eller luftfartøy for transport av brensel, proviant, varer og utstyr til turisthytter, hytter og setrer*», jf. verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.3 c).

Dei gule områda i kartet er føreslått grensa ut med bakgrunn i tekniske installasjonar og at det er område som ikkje har så høge verneverdiar. Det førekjem nyare hytter, samt tekniske anlegg knytt til Gjendebåten i desse områda.

I det eine gule området ved Valdresflyvegen er det ein del fritidsbebyggelse som let seg grense ut, og det er ikkje så store verneverdiar i dette området.(

Bom på fylkesvegen - nokre blir innelåst nede ved Maurvangen, nøkkel bør vere på Bessheim som har vinterope. Utfordringa er i overgangssesongen før stenging av vegen. Litt både og ang. spm. om å flytte bommen.

Hytteiegarane er ikkje organisert i velforening per i dag. Ved behov for representasjon i ei arbeidsgruppe vil dei finne ein person.

Når det gjeld KU-en for landbruk og reiseliv/friluftsliv er det føresett at firmaet som får oppdraget skal ha tett kontakt og dialog med lokale landbruksinteresser og det skal gå fram av utgreiinga korleis dette er gjort.

Heile utgreiingsprogrammet blir sendt til alle, og Statsforvaltaren oppmodar alle om å nytte høvet til å uttale seg.

Ein ser ikkje så store endringar ved eit framtidig vern. Det er ein del begrensningar i dag gjennom kommuneplanen om utviding av hytter. Dette vil bli noko strammare i ein nasjonalpark.

Køyring på Leirungsvegen, vedlikehald av vegen og vedlikehald av hytter og innretningar, samt jakt og fiske vil bli innpassa i verneforskrifta.

Tilstanden og bruken i dag kan halde fram.

Når det gjeld avgiftsfrie fiskebuer føreligg det avtale med Statskog om at det ikkje er tillate med utviding av buene.

Det er registrert eindel båtvrak i området. Det vart vist til at SNO har overordna ansvar for tilsyn i nasjonalparken. SNO har tenestekjøp med fjellstyret, og det vil blir teke tak i dette om dette blir ein del av nasjonalparken. Per i dag er det elles registrert 10 båtar i opplag som ein er usikker på, men fjellstyret tek sikte på å køyre ut nokre av båtane vinterstid med snøskuter.

Dette med opplag av båtar må elles avklarast i arbeidet med revisjon av forvaltningsplan.

Statsforvaltaren vil invitere ein representant frå hytteeigarane til deltaking i arbeidsgruppa (for dei som blir direkte berørt av eit vern saman med repr. for beitebrukarane, setereigarane, samt reiselivet.

Avslutningsvis gjorde Klæbo det klart at det er viktig for Statsforvaltaren å kartlegge konfliktgraden i forslaget, og kommunen er også interessert i dette. Hytteeigarane må gjerne sei frå om kva dei tenkjer. Statsforvaltaren vil vere tydeleg på det at når området no framstår med slike klare vernekvallitetar, er ein honnør til den lokale forvaltning både av kommunen og brukare/hytteeigarar i området.

